

Uttale frå NITO Samnanger om eventuell utfasing av IKT-drift til IKTNH

NITO er fagforeininga som kjem tettast på ei eventuell utfasing av IKT-drift då begge IKT-konsulentane i Samnanger kommune er medlemar i NITO. Ein kan seie at ein på bakgrunn av dette er ugild, men me meiner likevel det er viktig at me vert høyrde i denne saka.

NITO Samnanger stiller seg på det noverande tidspunktet kritisk til ei eventuell utfasing av IKT-drift til IKTNH.

Det er per dags dato svært uklart kva som skjer med dei tilsette ved IKT-avdelinga i Samnanger, men det er klart at det vil kunne få store konsekvensar for dei tilsette. Framleis er det meste uklårt, både når det gjeld løn og innhald i stilling. I dei førebels sakspapira kjem det fram at begge tilsette vil få tilbod frå IKTNH om ny stilling, der arbeidsstad er lagt til Knarvik. Dette er ikkje rett – i «tilbodet» til Samnanger kommune har IKTNH berre rekna inn ein konsulent som flyttar over. Det føreligg heller ikkje noko konkret tilbod å ta stilling til – verken frå IKTNH eller Samnanger kommune. Framtida er såleis svært usikker for dei tilsette ved IKT-avdelinga.

Det er, etter det me kan sjå, ikkje kome inn noko faglege vurderingar av eit samarbeid med IKTNH med unntak av skrivet IKTNH sjølve har laga. Det er, etter det me kjenner til, ingen som stiller kritiske spørsmål ved tilbodet kommunen har fått. Me meiner også at kommunen står i posisjon til å forhandle avtalen til det beste for både kommunen og dei tilsette.

Ut frå dei sakspapira som føreligg per i dag kan ein få inntrykk av at IKT-drifta i Samnanger kommune heng etter på alle områder. Dette er me sterkt ueinige i. Men ein må først avklare eit par ting. Det er rett at Samnanger kommune heng etter på ein del områder når det gjeld IKT, då spesielt når det gjeld digitale tenester ut til innbyggjarane. Men her er det viktig å skilje mellom IKT-drift og det som går på digitale tenester og fagsystem. Når me snakkar om IKT-drift så snakkar me om grunndrifta av IKT-tenester – serverar, PCar, nettverk, servicedesk osv. – kort og godt alle tenester som må på plass for at «resten» skal fungere. Dette meiner me at me i Samnanger er gode på og teknologisk har me lenge vore langt framme. Me er stort sett tidleg ute med å oppgradere både serverar og andre basissystem til siste versjon. Me har også svært lite nedetid på våre system.

Når det gjeld fagsystem og system ut mot innbyggjarane er ein dessverre ikkje like god. Dette er det ulike årsaker til, men ein gjennomgåande tråd er at det ikkje har eksistert noko større strategisk IKT-arbeid i kommunen og IKT har såleis vore nedprioritert. I tillegg er ikkje dette noko som direkte ligg til IKT-avdelinga – me leverer tenester dersom me får bestilling på desse. Avgjerdsløse om kva tenester ein skal ha (og evt. kva leverandør ein skal nytte) ligg på eit heilt anna nivå i kommunen. Det er her viktig å sjå at ein ved å inngå driftssamarbeid i utgangspunktet ikkje nødvendigvis får så mykje meir enn ein har per i dag. IKTNH har rett nok nokre fleire tenester, men desse må uansett implementerast for oss dersom me skal inn. Den største skilnaden for IKT-drift er kanskje at ein vil få tilgang på innkjøpskompetanse innan IKT. Dette aleine er, etter vår meining, ikkje nok til å gå inn i eit slikt samarbeid, sjølv om det vil lette noko rundt innkjøp av utstyr og tenester.

Eit punkt me meiner er viktig å merke seg dersom ein vel å samarbeide med IKTNH gjeld fagsystem, «superburkarar» og lokale ressursar i einingane. Per i dag yt IKT-avdelinga i Samnanger langt meir service innan desse felte enn ein vil få med IKTNH. Det må kalkulerast inn auka ressursar innan alle einingar til lokale «superburkarar».

Me har, på førespurnad frå rådgjevar i kommunen, skissert ei løysing med å styrke IKT-avdelinga lokalt og såleis kunne oppretthalde lokale arbeidsplassar i Samnanger, samstundes som me får betre

IKT-tenester. Me meiner at dette er ei løysing ein bør sjå nærare på før ein eventuelt kan avgjere om ein skal inn i eit driftssamarbeid. Kommunestyret i Samnanger har bestemt at kommunen skal halde fram som eigen kommune. Ein må hente ut dei fordelane som finst ved at ein er liten. Det er då, etter vår meining, feil at ein skal setje ut ei av dei viktigaste tenestene til andre. Me ser sjølvstakt at me per i dag er sårbare på personalsida, men med ei oppjustering slik me har føreslege meiner me at dette er godt «innanfor» kva som er akseptabel risiko. Det er ikkje så store investeringar som skal til for å prøve ut denne løysinga, og me meiner at ein bør prøve dette ut over ei tid, gjerne 1-2 år, før ein tek eit endeleg val. Samfunnet og IKT-verda går fort framover og ein vil gjerne i løpet av denne tida gjere seg nye erfaringar som fører til at ein tek eit meir «rett» val.

Me seier ikkje at eit driftssamarbeid nødvendigvis er negativt, men det må i alle fall greiast ut andre samarbeidspartnarar også. Bjørnafjorden er etter vår meining ein meir naturleg samarbeidspartner innan dette området. Me har tidlegare drifta for Fusa kommune og me kjenner kvarandre svært godt, både på personalsida og på infrastruktur og systemsida. Fusa og Os er allereie godt i gang med felles IKT-drift. Os kommune er mellom anna ein av dei fremste kommunane i landet når det gjeld satsing på digitale tenester til innbyggjarane. Det er uvisst om Bjørnafjorden er interessert i eit samarbeid med oss, men me meiner det vil vere feil å ikkje sende førespurnad til dei og andre nærliggande kommunar – spesielt med tanke på den høge «oppstartsavgifta» IKTNH skal ha for å ta oss inn i samarbeidet (førespegla til om lag 1 million kroner).

Sidan IKT er inngripande i alle einingar i kommunen ber me om at ein tenkjer seg godt om før ei så stor avgjersle skal takast. Ein må ikkje haste inn i eit samarbeid om ein ikkje er heilt overtydd om at dette er løysinga som er til det beste for tilsette, kommune og innbyggjarar.



Jostein Steinsland-Hauge, tillitsvald NITO